

ÅRSMELDING

MED REVIDERT REKNESKAP OG REVISORMELDING

2014



Folkeakademiernes Landsforbund


Forord


Landsstyret i Folkeakademiens Landsforbundet legger med dette fram årsmelding for 2014. Det er lagt vekt på å få fram viktige sider ved landsforbundets virksomhet.


Årsmeldingen viser etter landsstyrets mening et imponerende aktivitetsmangfold og en stor aktivitetsmengde. Meldingen viser også klart fram at Folkeakademiet er en betydelig oppdragsgiver for kunstnere og kulturutøvere.

Årsmeldingen dokumenterer at Folkeakademiet oppfyller både Kulturdepartementets og landsforbundets egne mål for virksomheten på en meget tilfredsstillende måte.

Oslo 16. mars 2015


Mildrid Kjenstad Holst
Leder


Ingvild Betrefjord
Nestleder/AU


Erling Bjørnetun
Styremedlem/AU

Hildur Roll-Hansen (s.)
Styremedlem


Sissel Åkre (s.)
Styremedlem

Marion Rodgers Løseth (s.)
Styremedlem

Edel Gleditsch Kaland (s.)
1. varamedlem

Anne Lise Hessen Følsvik (s.)
2. varamedlem

Rolf Vidar Markmanrud (s.)
3. varamedlem


Pål H. Djuve
Generalsekretær

STATISTIKKRESULTAT OG AKTIVITETSOVERSIKT SYNER AT FOLKEAKADEMIENES LANDSFORBUND (FAL)

- Forvaltar statsmidlane planmessig og får høge kunst- og kulturformidlingstal.
- Oppfyller måla for organisasjonens prioriterte tema og målgrupper(barn/unge og eldre/institusjonar).
- Har eit effektivt formidlings- og arrangørnettverk på distrikts- og lokalt nivå.

Hovudmål for 2014 var mellom anna å:

- Skape aktivitet og engasjement i dei av landsmøtet prioriterte tema "Demokratiutvikling og folkeopplysning" og "Den kulturelle spaserstokken" samt andre tema i landsforbundets 6-årsplane "Visst virker kultur".
- Utvikle lokalt kultur- og opplysningsarbeid og distriktas turnéverksemd. Formidle kvalitetstilbod til barn/unge, vaksne/eldre og bebuarar på institusjon.
- Styrke organisasjonen organisatorisk/administrativt og økonomisk med auka kulturproduksjon som resultat.
- Medverke i sentrale samarbeidskonstellasjonar.

Verkemidlar: Statsmidlane og eigne midlar vart brukt i tråd med landsmøtevedtak og Kulturrådets føringar. Prosjektmidlar vart anvendt på prioriterte tema og målgrupper. Landsforbundet informerte gjennom kulturmagasinet NØKKELEN, FALS og distriktas nettsider, sosiale media, i rundskriv og på medarbeidarkurs.



Fortellarstund i trollskogen.

Statsmidlane vart disponert slik:

	2014	2013
Kulturrådets løyving for:	7 811 000	7 811 000
Til distrikta/akademias drift og programverksemd:	2 282 916	2 269 513
Prosjekt og ymse tiltak:	136 297	99 073
Medarbeidarkurs:	84 395	90 883
Til drift Folkeakademienes Landsforbund	6 181 793	6 117 427

Kommentar: Posten "Til drift Folkeakademienes Landsforbund" kan synast høg samanlikna med statsløyvinga totalt. Grunnen er at FAL i 2012 overtok arbeidsgjevaransvaret for Folkeakademiets daglege leiarar frå distrikta. Løn og sosiale utgifter for desse er no landsforbundets ansvar. Landsforbundet vil poengtere at ei viktig side ved dei daglege leiarane sitt virke, er arbeidet med å hente inn økonomiske midlar, både til eige distrikt samt hjelpe dei lokale akademia med det same. Landsforbundet fekk godkjenning av Kulturdepartementet til å overta arbeidsgjevaransvaret før dette vart gjennomført.

LANDSFORBUNDETS ORGANISASJON

Landsforbundet er organisert i 9 distrikt. Tre distrikt femner om tre fylke, tre om to fylke og tre distrikt er eitt fylke. Det var registrert 115 lokale akademi ved årsskiftet 2014/2015.

LANDSFORBUNDET SENTRALT

Landsstyret:

Landsstyremedlemer for landsmøteperioden 2012 - 2014:

Leiar: Karl-Inge Henriksen

Nestleiar Edel Gleditsch Kaland

Styremedlemer: Erling Bjørnetun, Hildur Roll-Hansen, Anne Hjort-Larsen, Sissel Åkre, Anne Lise Hessen Følsvik og Erling Bjørnetun

Varamedlemer: Mildrid Kjenstad Holst (1 vara), Ingvild Berrefjord (2.vara) og Rolf-Vidar Markmanrud (3.vara).

Landsstyremedlemer for landsmøteperioden 2014 – 2016:

Leiar Mildrid Kjenstad Holst

Nestleiar: Ingvild Berrefjord

Styremedlemer: Erling Bjørnetun, Hildur Roll-Hansen, Sissel Aakre, Kathrine Fosshøj, Arnfinn Algarheim, Marion Rodgers Løseth (vald av dei tilsette).

Varamedlemer: Edel Gleditsh Kaland (1.vara). Anne Lise Hessen Følsvik (2. vara) og Rolf-Vidar Markmanrud (3. vara).

Ann-Karin Både (personleg vara for Marion Rodgers Løseth).

I 2014 hadde landsstyret 4 møte og handsama 74 saker.

AU hadde 4 møte.

Revisor:

LST revisjon AS.

Tilsette

Ved årsskiftet 2014/2015 hadde FAL 14 tilsette (totalt 9.5 årsverk). Av desse var 9 daglege leiarar for distrikta (5.6 årsverk), medan 5 var tilsett i landsforbundets sentrale sekretariat (3.9 årsverk).

Sentrale tilsette:

Generalsekretær: Pål H. Djuve

Organisasjonsleiar: Lina Bjelland

Økonomikonsulent Willy Kringeland til 31.10. Magnus Lajord frå 01.11.

Administrasjonssekretær Liv Rønneberg

Redaktør Kai Hovden

Tilslutning

FAL er tilslutta: Norsk kulturforum (NOKU), Frivillighet-Norge, Fellesforum for kulturorganisasjoner, Syng for livet-alliansen/Kraftak for sang, TraP, Studieforbundet næring og samfunn, NaKuHel- Norge (Natur-Kultur-Helse) og Foreningen Norden.

DISTRIKTA

Antal distrikt /årsverk daglege leiarar

Landsforbundet var i 2014 organisert med med 9 distriktsledd. Kwart ledd har ein kulturproduksjonsstilling (dagleg leiar) tilsett i landsforbundet.

I 2014 vart talet på distrikt redusert frå 10 til 9, då TeleBu (Telemark og Buskerud) vart til TeVeBu (Telemark, Vestfold og Buskerud). Hensikten var å skape meir rasjonell drift og å få større stilling.

Medlemer

I tillegg til lokalakademia, har distrikta **andre fylkes- eller regionsomfemnande organisasjonar** som medlemer.

I 2014 var talet på slike medlemer **72** (81 i 2013).

Distriktas økonomi

Distriktas samla omsetning i 2014 var **5 781 500** (5 319 000 i 2013).

Personalkostnadene for dei daglege leiarane, ført i landsforbundets rekneskap, var i 2014 på **2 650 347** kroner (2 407 000 kroner i 2013). Dette kom i tillegg til dei andre overføringane distrikta fekk.

Distrikta skaffa sjølv **4 604 636** kroner (4 109 615 kroner i 2013) ved turnesal, anna støtte etc. Av dette var 800 000 kroner midlar frå fylkeskommunane (864 000 kroner i 2013). Hovedtyngda av midlane frå fylkeskommunane vart løyvd til aktivitets- og driftsstøtte.

Tilskotet frå fylkeskommunane varierar mykje. 7 fylke gjev tilskot, medan 10 ikkje gjev tilskot til Folkeakademiet. Tilskota fordelte seg slik:

Oppland/Hedmark	0
Viken (Akershus/Oslo)	0
TeVeBu (Telemark/Vestfold/Buskerud)	20 000 Telemark
Agder (Vest-Agder/Aust-Ager)	155 000 Vest-Agder
Rogaland	80 000
Hordaland	420 000
Sogn/Fjord	100 000
Midt-Norge (Sør-/Nord-Trøndelag/Møre og Romsdal)	25 000 Sør-Trøndelag, 10 000 Nord-Trøndelag
Hålogaland (Nordland/Troms/Finmark):	0

Fylkeskommunane sitt tilskot til folkeakademia har sunke gradvis gjennom fleire år.

FOLKEAKADEMIA

Akademisituasjonen

Ved årsskiftet 2013/2014 var talet på lokale akademi 111. 7 akademi vart stifta medan 3 vart lagt ned i 2014, slik at talet på akademi ved årsskiftet 2014/2015 var 115. Situasjonen i 2013 var at 1 akademi

vart stifta og 11 lagt ned. Resultatet for 2014 er difor sers gledeleg. Målretta arbeid gjennom fleire år for å snu akademinedgangen, ser no ut til å bere frukt. For første gong på mange år er talet på nye akademi høgare enn talet på nedlagte.

Men med for lite økonomi i høve til mengde aktivitet, antal akademi og antal kollektive medlemmer - desse har også tilgang på midlane frå Kulturdepartementet - er det ei stor utfordring å skaffe midlar slik at også nye akademi kan få akseptable økonomiske rammer. Det heilt naudsynte arbeidet med å auke talet på akademi må likevel halde fram.

Medlemer

Organisasjons-/institusjonsmedlemer (kollektive medlemmer): **1021** (1058 i 2013).

Personlege/familiemedlemer: **2360** (2187 i 2013).

Totalt antal medlemmer: **3281** (3245 i 2013).

Økonomisk overføring

Folkeakademia fekk overført **1 341 052** kroner (1 286 628 i 2013) frå FAL til delvis dekning av kunst-, kultur og folkeopplysningsverksemda.

Pga. ulike lokale samarbeidsformer har FAL ikkje samla tal for akademias totale omsetning. Dei offentlege løyvingane dekkjer berre ein mindre del av den lokale aktiviteten. Det meste må folkeakademia og akademias samarbeidspartnere skaffe på andre måtar.



Den store sjøreisa – teater for barn på turné for Folkeakademiet Midt-Norge

AKTIVITETSSTATISTIKK 2014

Samla aktivitetsresultat for akademia og distrikta som turneoperatør:

	(2014)	(2013)
Samla antal arrangement lokale akademi og turne:	3 549	(3556)
Samla antal publikummarar:	192 428	(204 984)
Lokalakademia:		
Antal arrangement i akademiregi:	2611	(2742)
Antal publikummarar i akademia	147 718	(165 169)
Turnéverksemda:		
Antal turnear i regi av distriktene:	91	(83)
Antal turnearrangement totalt frå distrikta:	938	(814)
Antal publikummarar:	44 710	(39 816)
Antal turnearrangement solgt til akademia:	373	(373)
Antal turnearrangement solgt til eksterne arrangørar:	299	(252)
<u>Antal turnearrangement i samarbeid med andre operatørar:</u>	<u>266</u>	<u>(189)</u>

Aktivitets- og publikumsstatistikk for lokalakademia fordelt på distrikt:


111 akademi hadde aktivitet i 2014 (108 i 2013, 119 i 2012).

Aktiviteten og talet på publikummarar /deltakarar fordelte seg slik:

Distrikt	Antal akademi	Antal program	Antal publikum
Viken	11	420	17 782
Opp/Hed	12	194	11 133
TeVeBu	14	211	12 014
Agder	10	295	13 869
Rogaland	6	110	6 987
Hordaland	15	823	47 844
Sogn&Fjordane	8	198	13 413

Midt Norge	18	186	10 395
Hålogaland	17	174	14 281
SUM	111	2 611	147 718

Resultatet tilseier eit gjennomsnittleg antal arrangement per akademi på 23,5, medan gjennomsnittleg publikumstal er 56,5. Med tanke på at mange av arrangementa skjer på små stader, på institusjonar osb, må tala seiast å være gode.



Gro Ann Uthaug i forestillinga om Camilla Collett: «Camilla – en ensom kvinne».

Turnéresultat med publikumstal fordelt pr. distrikt

	Antal turnear	Antal arrangement	Antal publikum
Opp/Hed	20	164	6169
Viken	Inga turneverksemd		
TeVeBu	10	82	4603
Agder	12	128	5591
Rogaland	16	172	6429
Hordaland	10	124	9813

Sogn/Fjord	12	153	6070
Midt-Norge	5	45	2978
Hålogaland	6	70	3057
	91	938	44710

Jamført med 2013 er det i 2014 arrangert 8 fleire turnear med 124 fleire arrangement. At dei 938 arrangementa nådde mest 45 000 personar, må seiast å vere sers bra med bakgrunn i at mange av turneane rettar seg mot institusjonar i eldreomsorga.

Hovudkonklusjon akademi- og turnédrafta

Statistikken syner at Folkeakademiet er ein betydeleg oppdragsgjevar for kunstnarar og kulturutøvarar.

Turneverksemda syner god framgang. Det samla publikumstalet går litt ned jamført med året før, men nedgangen må seiast å vere innafor naturlege variasjonar. Samla sett syner statistikken stabilitet.

At Folkeakademiet med grunnlag i ei statsløyving på 7 millionar 811 tusen når så mange med kvalitativt gode kunst-, kultur- og kunnskapstilbod, syner at Folkeakademiet gjer godt arbeid.

Aktivitetskategoriar

Foredrag 24%,

Sang/musikk 42%

Teater/litteratur 12 %

Utstillingar: 1%

Andre: 14%.

Aktivitet i prosent av målgrupper

Barn: 15%

Ungdom: 12%

Vaksne: 40%

Eldre/institusjonar: 33%.

I 6-årsplanen «Visst virker kultur» går det fram at den totale aktiviteten for og med barn og ungdom tilsaman skal vere 40%. Resultat på 27% er difor ikkje tilfredsstillande.

Med omsyn til aktivitet med og for eldre/institusjonar er målet 20% av total aktivitet. Eit resultat på 33% er difor sers bra.



Jan Egeland held foredrag om verdas flykningsituasjon i Folkeakademiets tenketank i Rogaland: Tenk Mer

STUDIEVERKSEMDA

Landsforbundet er pådrivar for auka kulturell vaksenopplæring i organisasjonens regi.

Landsforbundet er tilslutta Studieforbundet næring og samfunn. Landsstyremedlem Sissel Aakre representerte landsforbundet i studieforbundets styre fram til årsmøtet i mai 2014.

Landsforbundet er no representert ved Marit Moland frå distrikt Oppland/Hedmark.

Studieresultat	2014	(2013)
Antall kurs:	122	(168)
Samlet timetal:	2661	(3126)
Antall deltakere:	739 (286 menn/453 kvinner)	(960)
Samla utbetaling:	394 283	(441 363)

Verksemda spenner over eit vidt kulturelt og kunnskapsmessig spekter.

Studieverksemda syner nedadgåande tendens for tredje året på rad. Landsforbundet har som mål at den kulturelle vaksenopplæringa skal auke og at fleire akademi skal ta opp studieverksemd som aktivitet. Landsforbundet vil difor styrke fokuset på dette aktivetsområdet.

Møte/konferansar/prosjekt

Landsmøtet

Landsmøtet i landsforbundet vert halde annakvart år. I 2014 over 3 dagar i Fevik i Aust-Agder. Leiar i Stortingets kulturkomite, Svein Harberg (H), hadde temaet "Kva vil regjeringa med kulturlivet – med vekt på dei friville kulturorganisasjonane" medan musikar og komponist Ole Hamre, Bergen heldt foredraget "Oi Oi Oi – et inspirasjonsforedrag om kreativitet og kommunikasjon". I tillegg til vanlege landsmøtesaker vart landsforbundets nye kultur og helseplan "Kulturens kraft – ein reiskap til betre helse" vedteke. «Sjå verda i augo» og «Framtida tilhøyrer dei unge» vart prioriterte satsingstema i 2015 og 2016. Folkeakademiet Verdal vart kåra til "Årets folkeakademi".

Konferansar:

Konferanse for distriktas styreleiarar og daglege leiarar, øvrige tilsette og landsstyret vart halde før landsmøtet. Halv dag. Tema: Organisasjonsbygging.

Konferanse for tilsette: 2-dagars konferanse. Oslo november. Tema: Profesjonalisering/korleis "selge" Folkeakademiet som organisasjon. Rasjonell turnelegging.

Konferanse med tema om kultur og helse i regi av Kompetanshjulet i Follo-regionen. Landsforbundet deltok både i arbeidsgruppa for konferansen og som medarrangør.

Prosjekt:

Landsomfemnande:

Syng for livet – Krafftak for sang.

Landsforbundet gjennomførte ei to vekers landsomfemnande satsing to uker i mars kalla «Krafftak for sang».

Resultatet vart over 130 arrangement for barn, vaksne og eldre på institusjonar, eldresentre og andre stader. Fleire tusen deltok. Dei fleste distrikta sette opp allsongturnear. Mange folkeakademi deltok. Folkeakademiet Nesna klarte gjennom å utfordre songlivet, institusjonar og kommunen i Nesna å få til over 20 arrangement. Ein fantastisk innsats.

Frå innvandrar til medborgar/Sjå verda i augo

I tidsrommet rundt FN-dagen 24 oktober inviterar landsforbundet kvart år akademia og distrikta til ei

landsomfemnande markering på tema som kan knyttast opp mot FN-dagen og satsingsområda "Sjå verda i augo" og "Frå innvandrar til medborgar". 24 akademi over heile landet sto for spennande og varierte arrangement med stor oppslutnad. Fleire distrikt sette opp turnear med tema knytta til desse satsingsområde i tidsrommet.

Døme på distriktstiltak:

Demokratiutvikling og folkeopplysning/Den kulturelle spaserstokken:

FA Viken. "Folkeakademietablering på institusjon". Bebuarar på institusjon får delta i meiningsfylde aktivitetar og blir inkludert i lokalsamfunnet. Arbeidet vert så langt drive av 3

akademi tilknytta sjukeheimar i Oslo/Akershus under prosjektnamnet "Kafe med påfyll". Siste akademitilskotet på institusjon er Fa Cathinka ved Lovisenberg sjukehus i Oslo. Distriktet er gjennom dette prosjektet også kobla til Krafttak for sang – satsinga på eldreinstitusjonar.

Demokratiutvikling/Grunnlovsjubileet:

FA Rogaland gjennomførte foredragsturne med Jan Kokkin med tema: "1814 og kunsten i Norge: Gryende storhet eller diletantisme".

Tenketanken "Tenk mer! Tema var "Klimaet og oss" og "Oljefattigdom". Samarbeid med litteratur- og yttringsfestivalen Kapittel 14 og Kåå Kverulankatedralen. Totalt 9 arrangement.

FA Hålogaland: Konferanse/kurs med tema Demokratibygging/organisasjonsutvikling. "I vestlige demokratier er det få som bestemmer"/Odd Mattis Hætta UiT., "Om Elsa Laula Renberg, en progressiv samekvinne"/Rønnaug Tuven, "Betydningen av det sivile samfunn og aktivt medborgerskap"/Anne Hjort Larsen, "Presset på naturressursene i nordområdet med filmen "Nussir – drømmen om Finnmark" av Harald Einarsson og innlegg/drøfting ved forfatter Marion Palmer.

FA Sogn og Fjordane: Turne med Frank Aarebrot. Tema: Grunnlovsjubileet.

Sjå verda i augo:

Fleire distrikt har hatt medarbeiderkurs med foredrag om "Sjå verda i augo".



*Utflukt for medlemar i
Folkeakademiet Surnadal*

Den kulturelle spaserstokken:

FA Agder gjennomfører årleg turnear i sosiale institusjonar for Vest-Agder fylke. I 2014 30 arrangement fordelt på 13 kommunar.

Syng for livet/Krafttak for sang:

FA Midt-Norge: Krafttak for sang-turnen "Solå e kømmå/No skin det sol" med Henning Sommero/J.P. Inderberg. Lokale arrangement både med og utan kor. I heimkommunen til Sommero, Surnadal, vart det to konserter i samarbeid med Eldrerådet, pensjonistlaget og Surnadal demensforening

FA Hordaland: Songkafear for menneske med psykiske vanskar.

Organisasjonsbygging:

FA TeVeBu: Distriktet anskaffa ein biltilhengar og bestilte logoar/foliemerke med prosjektteksten "Jeg er en folkeakademitilhenger". Målet er synlighet og å skape merksemd og undring. Tilhengaren vert teke med på folkeakademiarrangement og skal fyllast med ein "skulptur" som syner noko av Folkeakademiets arbeid.

Fleire distrikt har hatt medarbeidarkurs rundt temaet "organisasjonsbygging".

Fra innvandrar til medborgar:

Oppland/Hedmark: «Internasjonal uke». Samarbeid med Gjøvik kommune, Røde Kors, Folkehjelp, Frivillighetssentralen, NAV. Arrangert på sjetten året.

Døme på andre typar arrangement:

FA Hordaland. Medverka på "Sjelalaug" i UlvikPoesifestival. Ein møtestad for poesi med utgangspunkt i Olav H. Hauge sitt forfattarskap.

Nokre døme på aktivitet i lokale akademi

Hålogaland: Fa Vardø: I samband med markeringa av jubileet for frigjeringa av Finnmark sto Folkeakademiet, Vardø museumsforening, Pomorforeininga og fagmiljø i Arkhangelsk saman om fleire store arrangement med russisk deltaking - samt ei vandreutstilling.

Hålogaland: Fa Tranøy. Fleirkulturell gatefest med lokalbefolkning og innvandrarak. 300 deltok.

Midt-Norge: Fa Verdal. Prosjektet «Gammel sangskatt». Barnehagebarn lærer songar frå den gamle songskatten og har felles songkonsertar med eldre på institusjonar som har lært dei same songane.

Samarbeid med Reinsholm og Knøttene barnehagar og helsetuna Verdal og Ørmelen.

Midt-Norge: Fa Surnadal. Arbeidar målretta for å få asylsøkjjarar og andre utlendingar inn i styret, noko som også pregar akademiaktiviteten. Fire innvandrara sit i styret.

Sogn og Fjordane: Fa Luster. Luster kommune er «Syngende kommune» i Krafttak for sang. Fa Luster har ansvar for å gjennomføre mange av songtiltaka.

Sogn og Fjordane: Fa Askvoll. Markerte FN's internasjonale eldredag i lag med Røde Kors Omsorg og Den kulturelle spaserstokken.

Hordaland: Fa Arna i samarbeid med Actis Hordaland, IOGT og Arna/Bergen fråhaldslag inviterte til møte om «Risikoalkoholbruk hos eldre» med psykologispesialist ved Haukeland Universitetssykehus, Linn-Heidi Lunde.

Hordaland: Fa Sund har regelmessige «Syng med oss»-treff i kantina på Sundheimen.

Rogaland: Fa Time i lag med Venneforeningen Flyhistorisk Museum Sola stilte spørsmålet «Kven var eigentleg Tryggve Gran?» Anne Hege Simonsen, som har skrive biografien om Tryggve Gran, heldt foredrag.

Rogaland: På Nærbø skipa folkeakademiet i samarbeid med biblioteket til bokbad med forfattar Kjartan Fløgstad om boka Grand Manila. Journalist Cathrine Sandnes samtala med Fløgstad.

Agder: Fa Valle. Det vart både blå tonar til gospel og soul då "Damer i blues", Rita Engedalen og Margit Bakken, kom til Valle kyrkje i regi av Fa Valle.

Agder: Fa Farsund. Den folkekjære programskaparen og forfattaren Oddgeir Bruaset er populær overalt – også på Sørlandet. Han gjesta Farsund i med sitt populære foredrag «Det ingen skulle tru at nokon kunne bu» regi av Fa Farsund og Lista og Farsund bibliotek.

TeVeBu/Fa Bamble inviterte til treff med NRK-legenden Einar Lunde med kåseriet «Fra undertrykkelse og konflikt til forsoning og tilgivelse - et møte med Nelson Mandela og Desmond Tutu».

TeVeBu: Fa Nedre-Eiker. Det vart «Drømmende klovnerier» for barn frå tre år og oppover då Karl Sundby gjesta Nedre Eiker Bibliotek i regi av biblioteket og Fa Nedre Eiker

Viken: Fa Oppegård inviterar saman med Follo Demensforening og Oppegård kommune til demenskafe for personar med demens og pårørande av desse. Det skjer siste fredag i kvar månad.

Viken. Fa Årvoll og Grorud/Romsås. Kvart år vert FN-dagen feira på Årvoll gård i regi av Folkeakademiet. Over 60 groruddøler stakk innom markeringa til vaffel og kaffe, foredrag, dans og musikk.

Oppland/Hedmark: Fa Sel og Heidal inviterte alle husdyreigarar i Nord- og Midt-Gudbrandsdal til møte på Otta om radioaktive stoffer i naturen. Mattilsynet, Statens strålevern, Statens landbruksforvaltning med Oppland sau og geit, deltok.

Oppland/Hedmark: Fa Østre Totens arrangement med tidligare kinodirektør i Oslo Ingeborg Moræus Hanssen trakk fullt hus i Lena då ho snakka om «Det gode, forpliktende seniorliv». Moræus Hanssen

er fargerik og har sterke meningar.

Landsforbundets prioriterte tema har egne nettsider med informasjon, tips etc. FAL lager informasjonsmateriell, klistremerke, plakatar, brosjyrer med meire.



Musikk- og dansetruppen Showtime på aldersheim i Sørumsnes i Akershus, i regi av Folkeakademiet Sørumsnes.

ORGANISATORISK ARBEID

”Visst virker kultur”, Folkeakademiets 6-årsplan, vedteke av landsmøtet 2012, legg sterk vekt på organisasjonsarbeid og styrking av organisasjonen. Sitat (s.30):

”Alle de tre organisasjonsleddene, landsforbundet, distriktssammenslutningen og lokalakademiet, skal gjøre formålsparagrafen til virkelighet. Det kan best skje gjennom en godt fungerende organisasjon der hvert enkelt ledd fungerer som ett tannhjul i et større maskineri. Landsmøtets vedtak skal implementeres på hvert nivå og ligge til grunn for organisasjonens samlede aktivitet. For alle organisasjonsleddene danner vedtektene, idégrunnlaget og vedtatte planer fundamentet”.

”Visst virker kultur” har fleire landsomfattende mål: Folkeakademiet skal ha 200 lokale akademi i 2018. Organisasjonen skal også ha 2500 organisasjons-/institusjonsmedlemer og 4000 personlege medlemer.

Planen seier at "Folkeakademiet på alle nivåer har gjennom hele planperioden fokus på medlemmer og medlemsverving (...), fokus på å styrke eksisterende akademier og etablere nye".

Folkeakademiene har gjennom det siste tiåret, bortsett frå i 2014, opplevd ein reduksjon i talet på lokale akademi. Det har i ei rekke år blitt lagt ned fleire akademi enn det kjem nye til. Skal Folkeakademiet også i framtida vere ein landsomfemnande organisasjon, må talet på lokallag auke. Og godt fungerande lokallag er avhengige av ein medlemsbase både av interesserte enkeltpersonar og av kollektive medlemer.

Landsstyret skal sørge for at organisasjonen gjer godt arbeid med omsyn til å setje landsmøtevedtaket om til praksis. Landsstyret tildeler årleg kvart distrikt måltal med omsyn til vekst i talet på akademi og medlemer.

Konklusjon: Resultatet for 2014 er positivt samanlikna med åra før i og med at både talet på akademi og medlemer gjekk opp. Det å skipe nye akademi krev langsiktig, systematisk og godt arbeid. Landsforbundet er difor nøgd med at den langvarige akademinedgongen i 2014 vart snudd i positiv retning. Det er og positivt at organisasjonens samla medlemstal går opp. Desse positive trendane må halde fram. Folkeakademiet vil difor halde sterkt fokus på organisasjonsbygging også i åra som kjem.

Komité for organisasjonsbygging

Landsstyret nedsette i 2013 ein komité som skal arbeide med organisasjonsbygging. Det er utarbeidd og sendt ut 3 spørreskjema til daglege leiarar, til distriktsstyreleiarar og til styreleiarar i akademia. Dei to første fekk 100% svarprosent. Den siste over 60%. Komiteen har i 2014 starta med å utvikle ei kvalitetshandbok for organisasjonen. Arbeidet vil bli vidareført i 2015.

Komiteemedlemer i 2014: Leira Mildrid Kjenstad Holst, landsstyret. Rolf-Vidar Markmanrud, landsstyret, Willy Kringeland, FAL, Pål H. Djuve, FAL, Lina Bjelland, FAL og DL Beate Riege, Midt-Norge.

Vilkåra for dei tilsette

Landsforbundet held fram med arbeidet for å gjere landsforbundet til ein god organisasjon å arbeide i. I samband med omrokeringa av stillingar og arbeidsoppgåver i sekretariatet, har ein i 2014 makta å betre oppfølginga av dei tilsette.

Nye tilsette

Landsforbundet tilsette daglege leiarar i tre distrikt i 2014, FA TeVeBu (Buskerud/Telemark/Vestfold), FA Viken (Akershus/Oslo/Østfold) og FA Sogn og Fjordane. I samband med tilsetjinga i Sogn og Fjordane vart stillinga oppgradert frå 40% til 50%.

I landsforbundets sekretariat søkte økonomikonsulent Kringeland 2 års permisjon. Magnus Lajord er tilsett i vikariatet.

Redaktør Lina Bjelland vart tilsett i nyorganisert stilling som organisasjonsleiar. Førebels for 2 år.

Kai Hovden er tilsett i eitt to års vikariat i 50% stilling som redaktør av NØKKELEN.

HØYRINGAR/UTTALER/POLTIKARMØTE:

Høyring i Familie og kulturkomiteen på Stortinget: Nestleiar Ingvild Berrefjord, organisasjonsleiar Lina Bjelland og generalsekretær Pål H. Djuve møtte Kulturkomiteen.

Uttale sendt Kulturdepartementet om evalueringsrapporten vedkomande Norsk kulturråd.

Landsmøteresolusjon om Norsk kulturråd/post 74 sendt Kulturdep/stortingskomite.

Innspel til ny folkehelsemelding: Sendt Helse- og omsorgsdepartementet.

Møte med statssekretær i Kulturdepartementet om Krafttak for sang. Generalsekretær Djuve deltok.

Møte i regi av Forum for kulturorganisasjonar (NOKU) med Trine Schei Grande. Generalsekretær Djuve deltok.

Helse og rehabilitering: Via landsforbundet fekk prosjektet «Det historiske tunet på Lyngheim i Os» 300 000 kr. til bruk i 2014. Søknaden var for prosjektår 2. Prosjektleiar er tidligare fylkeskonservator i Hordaland Nils Georg Brekke. Folkeakademiet sentralt er søknadsrådgjevar.

Prosjektet "Kafe med påfyll – eldre som ressurs" i regi av FA Viken fekk 184 000 kr for prosjektår 2.

Folkeakademiet/Krafttak for sang-programmet

20 landsomfemnande organisasjonar og institusjonar med sang som sentral aktivitet, har i fleire år arbeida for å få politisk gjennomslag for sang-saka. Etter intenst lobbyarbeid retta mot politikarar/bakmenn i den nye regjeringa, fekk «Krafttak for sang» 1 ½ million i 2014. Løyvinga gjorde at Krafttaket kunne initiere aktivitetar mange stader i landet. Programma "Syngende skoler" og "Syngende kommuner" fekk prioritet. Folkeakademiet er involvert i begge desse.

Andre program er retta mot institusjonar, folkehelse og inkludering/integrering. I 2015 er «Sang i eldreomsorgen – Syngende eldreinstitusjonar» prioritert. Folkeakademiet er operatør for institusjonssatsinga.

Mål for Krafttak for sang er: Styrke sangkulturen som kulturell- og identitetsskapande faktor/gje alle muligheit til å synge/bruke sang som helselatert verkemedel/få fram ny forskning m.m.

Landsforbundet er ein av dei tre styrande organisasjonane i Krafttak for sang-programmet.

ANNA

Momsrefusjon:

På vegne av alle nivå i organisasjonen utarbeidar og sender landsforbundet kvart år søknad om momsrefusjon.

Kontrakter:

Kontraktar som regulerer tilhøvet mellom distriktet som turnéoperatør og kunstar, samt mellom lokal arrangør og kunstnar, vart teke i bruk.

Kulturmagasinet NØKKELEN:

4 nummer. Informasjons- og kulturmagasin. Opplag 3500.

FAL står for skrivning, foto og formgjeving.

NØKKELENS hovudtema i 2014 var:

1. «Grunnlovsjubileet og lokal frivilligheit». Om samanhengen mellom dei demokratiske rettane i grunnlova og frivilleg arbeid.
2. «Kulturnasjonen». Kva skjedde i norsk kulturliv rundt 1814, og korleis har kunst og kultur vore med på å prege nasjonen?
3. «Klimautfordringar». Med stadig kortare tid til å snu den negative utviklinga må det ei kollektiv oppvakning til. Her kan frivilligheita og Folkeakademiet spele ei rolle.
4. «Vegval». Kva dreg unge menneskje i retning av radikal islam. Korleis kan vi på heimebane bekjempe hat i eige miljø

Kulturmenyen:

Folkeakademiets nettkatalog for kunstnarar/programhaldarar. Fleire hundre programtilbod er presentert. Menyen er tilgjengeleg for arrangørar, kunstnarar/kulturarbeidarar og andre interesserte.

Nettsider/Facebook:

Landsforbundet har informative internettsider. På Facebook har landsforbundet mest 900 følgjarar. I tillegg til medlemmer facebook kunstnarar, tillitsvalde og kulturinteresserte. Stadig fleire av distrikta har facebookside. Også andre sosiale media vert nytta.

Nytt medlemssystem:

Landsforbundet kjøpte høsten 2014 det nettbaserte medlemssystemet RegWeb. Dette inneheld mange funksjonar som vil forenkle medlemsforvaltninga både for landsforbundet, distrikta og akademia.

Ymse landsstyrevedtak:

Endring av profilfarge: Folkeakademiets offisielle farge vert endra frå blått til turkis.

Logobruk: Det skal vere ein felles logo for organisasjonen uansett nivå.

Sponsorplan: Sponsorplan for organisasjonen vert utarbeidd.

Plan for politisk påverknad: Strategiplan for politisk påverknad vert utarbeidd.

Søknad Norsk musikkråd: FAL sender søknad om medlemskap i Norsk musikkråd.

Deltaking:

Dagleg leiar Anne Gerd Paulsen, Hålogaland, har delteke for FAL i det skandinaviske Nordvux-prosjektet om lokal berekraftig utvikling.

Leiar i FA TeVeBu, Signe Marie Kittelsaa, har delteke for FAL i opplæringstilbodet «Open omsorg» i regi av Høgskulen i Telemark.

Årets folkeakademi:

Folkeakademiet Verdal fekk på landsmøtet prisen som «Årets folkeakademi».

LANDSSTYRET: Landsstyret hadde 4 møte og handsama 74 saker.

AU hadde 4 møte.

OPPSUMMERING

Hovudmål – Oppfølging

1. Skape aktivitet og engasjement i dei av landsmøtet prioriterte tema "Demokratiutvikling og folkeopplysning" og "Den kulturelle spaserstokken" samt andre tema i landsforbundets 6-årsplanen "Visst virker kultur".

Landsforbundet har informert om satsingsområda gjennom dei kanalane ein har. Begge satsingstema har eigne nettsider med oppdatert informasjon og idear til tiltak og arrangement. Ein har og arbeida for å få gode kunstnarar/utøvarar innafør områda. Desse er lagt ut i Kulturmenyen. Ein har stimulert til prosjekt og tiltak ved bruk av prosjektmidlar.

Distriktas årsmeldingar, samt medieklypp, syner at Folkeakademiet har hatt mykje god aktivitet innafør temaet "Demokrati og folkeopplysning". I 2014 låg fokus på grunnlovsjubileet. Mange distrikt og akademi tok fatt i temaet.

Det er også halde mange turnear og arrangement innafor temaet "Den kulturelle spaserstokken". Heile 33 prosent av Folkeakademiets samla aktivitet retter seg mot denne gruppa. I turneverksemda nyttar distrikta seg av profesjonelle kunstnarar og fagleg kompetente foredragshaldarar.

Både landsforbundets årsmelding og distrikta sine årsmeldingar syner god aktivitet også i dei andre områda av 6-årsplanen "Visst virker kultur".

2. Utvikle lokalt kultur- og opplysningsarbeid og distriktas turnéverksemd. Formidle kvalitetstilbod til barn/unge, vaksne/eldre og bebuarar på institusjon.

Landsforbundet og distrikta er kontinuerleg opptekne av at både det lokale kulturarbeidet og programma som distrikta formidlar gjennom turneverksemda, skal halde god kvalitet og vere av interesse for målgruppene. Både tilbakemeldingar og responsen på programma syner at så er tilfelle.

3. Styrke organisasjonen organisatorisk/administrativt og økonomisk med auka kulturproduksjon som resultat.

Ein prøver å nå desse måla både gjennom systematisk organisasjonsarbeid og gjennom politisk og administrativ påverknad, både på statleg og på fylkesnivå. Fagleg kvalifiserte tilsette og godt skulerte tillitsfolk er viktig for å nå eit slikt mål. I 2014 vart det sett i gang arbeid med ei kvalitetshandbok, eit program for politisk påverknad og eit sponsorprogram for organisasjonen.

4. Medverke i sentrale samarbeidskonstellasjonar.

Folkeakademiet meiner det er viktig å delta i samarbeidskonstellasjonar med andre kulturorganisasjonar både for å profilere oss og for å påverke kulturpolitikken – særleg den delen som vedkjem dei frivillege kulturorganisasjonene. Det syner seg både på nasjonalt, fylkes- og på kommunalt nivå at ingen offentlege eller andre institusjonar talar vår sak. Dei frivillege kulturorganisasjonane har i mange år vore taparar i kampen om midlane. Folkeakademiet engasjerer seg difor i konstellasjonar som Norsk kulturforum (NOKU), Frivillighet-Norge, Fellesforum for kulturorganisasjoner og Syng for livet-alliansen/Krafttak for sang.